

Ministeren som ingen kunne målbinde

– Vi skal snakke så folk forstår. Og vi skal seie det med eigne ord.

Ho lukkast med å inkludere og feire størsteparten av det norske språkmangfaldet under opninga av Språkåret i Kristiansand 2. januar. Men Hadia Tajik veit godt at språk, og ikkje minst spørsmålet om sidemål, både har makt til å splitte og lime saman veljargrupper.

– At folk har sterke meiningar er eit uttrykk for at dei er opptatt av språket sitt, at det har mykje å seie for identiteten til kvar og ein av oss.

– Korleis opplever du saklegheita i sidemålsdebatten?

– Det er i alle fall trygt å seie at engasjementet er stort, innleier Tajik, før ho tenkjer seg nøye om og stoppar, klemmer ei drue varsamt mellom fingrane og gløttar ned på fruktfatet framfor seg.

– Eg har alltid vore oppteken av at nynorsk har ein naturleg plass i den norske språkfloraen, og eg har lite forståing for det agget som nokon gir uttrykk for, innrømmer ho etter litt fram og attende.

Vil synleggjere

Tajik snakkar engasjert om språk og lener seg ikkje ein einaste gong attende i sofaen medan vi snakkar saman. Ho fortel at ho ser på det som sitt ansvar som minister å gjere noko aktivt for å synleggjere nynorsk, i tillegg til å halde fram med bokmål parallelt.

– Etter å ha hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen, var det eit passivt val eg gjorde då eg valde vekk nynorsk som hovudmål på vidaregåande, minnest ho, før ho understrekar at det heile tida var ein slags prosess som enda i bevisstgjerjing:

– Eg tok til slutt eit aktivt val om å nytte både nynorsk og bokmål som bruksspråk, seier ho.

– Plutseleg var det hovudmålet mitt

Tajik fortel om si eiga ungdomstid, om ei ambisiøs jente som var normalt ureflektert og lett å påverke i språkspørsmål – spesielt om det var læraren som var agitatore. Ei pragmatisk jente, som kjøpte argumentet om at å skifte til bokmål som hovudmål var smartare, både for karakterane og for journalistkarrieren.

– Som ein konsekvens av dette brukte eg bokmål meir og meir, og plutseleg var det hovudmålet mitt. Då eg seinare jobba som journalist, etterrasjonaliserte eg valet av målform med at det var lurt å ha bokmål som hovudmål, fordi då hadde ein fleire moglegheiter. Eg trur ikkje eg knytte sterke kjensler til det å skifte målform.

Eit aktivt val

Først etter fem år i Oslo og eit skifte frå journalistikk til politikk, kom Tajik fram til at det var på høg tid å gripe til nynorsken igjen.

– Eg tenkte at eg måtte bidra med å skrive nynorsk i sosiale medium og i visse avisinnlegg, og ikkje berre vere engasjert i spørsmålet på eit teoretisk plan.

– Det hender at folk som har fått med seg at eg skriv nynorsk i sosiale medium forventar at eg skriv nynorsk på alle andre arenaer. Difor blir nokre forvirra når eg veksler mellom bokmål og nynorsk. Det får dei berre bli, smiler ho bestemt.

Språkleg lappeteppe

For Tajik, og mange andre med fleirspråkleg bakgrunn, er det naturleg å veksle fritt mellom



Foto Joakim S. Enger

dei språka ein kan, ofte i løpet av same setning. Forskarar kallar dette kodeveksling, og meiner ein

i staden for å sjå på det som avvik, bør leggje vekt på korleis slike store, språklege repertoar i dei fleste tilfelle er ein ressurs.

– Opphavleg snakka eg berre persisk heime med foreldra mine, men det blir ofte slik i fleirspråklege fami-

liar, at ein på same tid snakkar fleire ulike språk i same setning. Dei orda ein først kjem på, er dei ein seier. Når eg snakkar med foreldra mine, begynner vi ofte på eitt språk, og så blir det noko anna undervegs.

– Men når eg sit på kafé med ei veninne, som også kan både persisk, urdu og norsk, er det likevel slik at vi av ein eller annan grunn snakkar engelsk saman.

– Kor standhaftig er du med din eigen dialekt frå Strand i Rogaland?

– For mi forståing av meg sjølv er det veldig viktig å halde på dialekten så godt som eg kan. No har eg budd i Oslo i sju år og merkar at eg må moderere meg. Når eg står i butikken, lurar dei veldig på kva eg vil ha viss eg seier «påse». Så no har eg begynt å seie «pose». Eg har også slutta å seie ord som «løye» og «håve», vedgår ho.

– Du har sagt fleire gonger at «ein ikkje har røter, men føter». Men fungerer det slik når det gjeld språk?

– Språket er noko eg har med meg i bagasjen, og då kan eg bruke språket som verkty i ulike situasjonar. Det er til sjuande og sist ikkje språket som definerer meg, men det er på alle måtar ein del av den eg er. Ein bruker språket forskjellig når ein vil bli teken seriøst som statsråd, eller viss ein vil bli sett på som hipp og kul.

– Eg vil gjerne vere begge deler, forklarar Tajik. Ho ler, plasserer drua ho har fikla med ei stund i munnen, og fullfører tanken:

– Ingen er berre ein ting, alle har samansette identitetar.